

TYSNES KOMMUNE
Uggdalsvegen 301
5685 UGGDAL

Dato	19/05/2026
Vår referanse	2025/61440-14
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Solveig Lohne Rongved
E-post	Solveig.Lohne.Rongved@vlfk.no
Telefon	48994921

Tilskot til skjøtsel av automatisk freda kulturminne - statsbudsjettet 2026 kap . 1429 post 70 - Årbakkavollen gravfelt -Tysnes kommune - Vestland fylke - Tilsegn om tilskot

Me viser til dykkar søknad av 13.11.2025, oppdatert med nytt kostnadsoverslag i brev av 11.12.2025, om tilskot til kulturminneskilt ved gravfeltet på Årbakkavollen i Tysnes kommune. Vestland fylkeskommune sendte søknaden vidare til Riksantikvaren for avgjerd i brev av 19.1.2026. I brev av 12.5.2026 gjev Riksantikvaren tilsegn om tilskot frå Statsbudsjettet kap 1429 post 70 - Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne. Me gjer merksam på at prosjektet i vedtaksbrevet frå Riksantikvaren ved ein inkurie er omtala som å vera i Alver kommune.

Vestland fylkeskommune gjev tilskot til nytt skilt på Årbakka strandgravfelt i Tysnes kommune på kr 27.000,-.

Informasjonsplikt

Tilskotsmottakar pliktar å setje seg inn i vilkåra for tildelinga, jamfør dette dokumentet og vedlagte dokument. Dersom nokon av føresetnadene for prosjektet endrar seg skal Vestland fylkeskommune underrettast skriftleg så snøgt som råd.

Tidsavgrensing

Tilsegn om tilskot er gitt for inneverande år. Alle tiltak, utbetalingar og rapportering må vera fullført innan **1. november 2026**. Tilskotet kan under visse føresetnader søkjast forlenga med inntil eitt år.

Avtalar, ansvar, løyve

Søklar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søklar, som må forsattera utbetalinga. Tilskotsmottakar har ansvar for varsling av grunneigar og andre relevante partar ved behov, og må sjølv syte for eventuelle løyve i høve til gjeldande lovverk eller vern av område, under dette kulturminnelova, naturmangfaldslova og regelverk om offentlege anskaffingar.

Skjøtselsplan og godkjenning av arbeid

For alle tiltak skal det liggja føre godkjent skjøtselsplan, eller vera skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje ligg føre godkjent skjøtselsplan må arbeidet vera godkjent av Vestland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

Tilskotsreglementet

Med tilvising til §11 i *Forskrift om tilskudd til automatisk fredede og andre arkeologiske kulturminner* av 13.8.21 gjer me merksam på at Vestland fylkeskommune har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Førespurnad må innehalda dokumentasjon på at arbeidet/tiltaka/prosjektet er iverksett eller utført. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen, samt mellombels rekneskap. Fylkeskommunen vidare sender dette til Riksantikvaren. Ved større endringar i finansieringsplanen eller prosjektskildringa, eller dersom tiltaket ikkje kan gjennomførast må fylkeskommunen varslast skriftleg med ein gong. Fylkeskommunen tek atterhald om at heile eller delar av tilskotsbeløpet kan verte halde attende til sluttrekneskap og rapport er motteken.

Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 1. november 2026. Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visast i rekneskapen. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt vert lagt ved rapporten.

Budsjett og rekneskap for dekning av utgifter frå offentlege verksemdar som er omfatta av meirverdikompensasjon må vera oppgitt utan meirverdiavgift. Detaljert rekneskap med bilag må kunne leggjast fram ved eventuell kontroll.

Sluttrapporten skal

- Innehalde informasjon om berørte kulturminne med Askeladden id
- Opplyse om kor vidt tiltaket er gjennomført i tråd med vilkåra i tilsagnsbrevet
- Gjera greie for gjennomføringa av tiltaket og arbeidet som er utført
- Dokumentera og illustrera tiltaket før, under og etter arbeidet
- Vise rekneskap over samla utgifter og bruken av tilskotsmidlar, eigen- og medfinansiering/innsats
- Gjera greie for eventuelle avvik frå budsjettet

Tilbakebetaling

Me tar atterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettet i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.

Retningslinjer frå Riksantikvaren

For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra i dette brevet vert akseptert. Me viser også til informasjonen i vedlagt tilsegnsbrev frå Riksantikvaren. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4. veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet «aksept av vilkår for tilskot» som må returnerast avdeling for kultur og folkehelse.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - arealplan

Solveig Lohne Rongved
seniorrådgjevar
KFO - arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Akseptskjema tilskot kap 1429 post 70 - Vestland 2026
- 2 Vedtak om tilskudd til Vestland fylkeskommune fra Statsbudsjettet 2026 kap. 1429 post 70 - Sikring av bergkunst og skjøtsel mv. av arkeologiske kulturminner

